LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Hjelmås Vvs AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 15.07.2019 |
| Vår: 17/3257 - 19/22504 | EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest minireinseanlegg - gbnr 192/5 Hopsdal

**Administrativt vedtak. Saknr: 433/19**
**Tiltakshavar:** Ole Jørgen Lunde
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås VVS AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og administrativt vedtak saknr. 669/18 i saka datert 24.04.19. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.06.19.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Hopsdalsvegen 176 |
| Bygningstiltak: | Minireinseanlegg type Klagester BioDisc BA-BF for 5 Pe |

**VEDTAK:**
**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for minireinseanlegg på gbnr. 192/5. Anlegget eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

**Det skal til ei kvar tid ligge føre gyldig serviceavtale for anlegget.**

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3257

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Eilin Houlison Molvik<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ole Jørgen Lunde | Hopsdalsvegen 176 | 5915 | HJELMÅS |
| Ole Jørgen Lunde | Hopsdalsvegen 176 | 5915 | HJELMÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hjelmås Vvs AS | Torvhusmyrane 2 | 5913 | EIKANGERVÅG |